



BORGARTING LAGMANNSRETT

DOM

Sagt: 22.06.2015 i Borgarting lagmannsrett

Saksnr.: 14-049903AST-BORG/01

14-174730AST-BORG/01

Dommarar:

Lagdommer	Halvard Leirvik
Lagdommer	Kyrre Grimstad
Tilkalt dommer, sorenskriver	Wenche Flavik

Meddommarar:

Salssjef	Mads Madsen
Seniorrådgjevar	Jenny Maria Clarhäll
Adjunkt	Torill Haraldsen
Student	Petter Bilit Sveen

I	Fullstendig anke Påtalemyndighet	Det nasjonale statsadvokatembetet	Statsadvokat Carl Fredrik Fari
	Tiltalt	Arslan Ubaydullah Maroof Hussain	Advokat John Christian Elden
II	Fullstendig anke Påtalemyndighet	Det nasjonale statsadvokatembetet	Statsadvokat Carl Fredrik Fari
	Tiltalt	Arslan Ubaydullah Maroof Hussain	Advokat John Christian Elden
III	Begrenset anke - Lovanvendelsen Tiltalt	Arslan Ubaydullah Maroof Hussain	Advokat John Christian Elden
	Påtalemyndighet	Det nasjonale statsadvokatembetet	Statsadvokat Carl Fredrik Fari

Det nasjonale statsadvokatembetet har ved tiltalevedtak 8. juni 2015 sett Arslan Ubaydullah Maroof Hussain, fødd 20. august 1985, under tiltale for brot på:

I Straffeloven § 132a fjerde ledd bokstav b jf annet ledd jf fjerde ledd første straffalternativ

for ved vold, trusler, skadeverk eller annen rettsstridig adferd overfor en aktør i rettsvesenet å ha gjengjeldt en handling, et arbeid eller en tjeneste som aktøren har utført i forbindelse med en straffesak. Med aktør i rettsvesenet menes blant annet den som har avgitt forklaring for retten.

Grunnlag:

Tirsdag formiddag 16. oktober 2012 i Borgarting lagmannsretts lokaler i Munchs gate 4 i Oslo, i en pause under forsker ved FFI, dr. philos Brynjar Lias forklaring som sakkyndig vitne for lagmannsretten i straffesak mot Najumuddin Faraj Ahmad, uttalte han til Lia 'Svin', 'Ved Gud den allmektiges vilje skal du brenne i helvete og i denne verden' og 'In shah Allah, muslimene vil ta ansvar' eller lignende.

II Straffeloven § 135a første og annet ledd

for offentlig å ha fremsatt en diskriminerende eller hatefull ytring. Med diskriminerende eller hatefull ytring menes det å true eller forhåne noen, eller fremme hat, forfølgelse eller ringeakt overfor noen på grunn av blant annet deres hudfarge eller nasjonale eller etniske opprinnelse eller religion eller livssyn.

Grunnlag:

a)

Onsdag 24. oktober 2012 kl. 16.22 i Oslo, på gruppen Profetens Ummah på facebook, la han ut en link til en artikkel publisert på VG Nett samme dag om at jøder i Norge savner politibeskyttelse, ledsaget av følgende uttalelse:

'Jeg skal gi dem beskyttelse jeg. inshAllah. Så fort jeg har tatt jegerprøven og får tak i en AK47. Disse svinene tilhører en okkupasjonsmakt, Israel, i tillegg har de okkupert vår moske, Al- Aqsa. Ya Allah, få de skitne jødene ut av vår moske og gi oss alle mulighet til å be salah i masjid Al-Aqsa før vår død. Amiin!!!'

Uttalelsen ble kommentert av andre brukere av den åpne facebook-gruppen, og Hussain postet også flere uttalelser på gruppen samme dag, blant annet følgende uttalelse:

'De er ekte svin og må bekjempes. Det er synd at broren som skjøt mot synagogen i 2005 eller 2006 ikke traff noen!'

b)

Lørdag 9. november 2013, i en tråd på facebook der vold mot Amal Aden på åpen gate i Oslo dagen før var tema, uttalte han følgende:

'Jeg er helt enig. De burde absolutt ikke slå henne. De burde ha steinet henne til døde da praktisering av homofili skal straffes med døden.

Måtte Allah SWT ta vare på våres mødre som kjemper for Haq og vekke oss brødre

som sover!!!'

III *For perioden til og med 20. juni 2013*

straffeloven § 147 c første ledd bokstav a, jf. annet ledd

for offentlig å ha oppfordret noen til å iverksette drap (straffeloven § 233) med hensikt om å skape alvorlig frykt i en befolkning eller urettmessig å tvinge offentlige myndigheter til å gjøre, tåle eller unnlate noe av vesentlig betydning for landet.

og for perioden fra og med 21. juni 2013

straffeloven § 147 c første ledd bokstav a

for offentlig å ha oppfordret noen til å iverksette drap (straffeloven § 233) med forsett om å skape alvorlig frykt i en befolkning eller urettmessig å tvinge offentlige myndigheter til å gjøre, tåle eller unnlate noe av vesentlig betydning for landet

Grunnlag:

I perioden 20. januar til 3. november 2013, ved gjentatt å hylle terrorhandlinger og terrorister på sin egen facebook-profil, offentlig oppfordret han noen til å iverksette drap for å skape alvorlig frykt i en befolkning og/eller tvinge norske eller andre lands myndigheter til å avstå fra militær deltakelse i muslimske land, blant annet slik:

- søndag 20. januar 2013 la han ut en lenke til en artikkel publisert på VG Nett samme dag om at 23 gisler ble drept i In Amenas, ledsaget av følgende uttalelse: "Måtte Allah swt belønne våres brødre med den største og beste Paradiset og drive fiender av Islam ut av våres lang og utslette dem. Amiin."
- fredag 19. og lørdag 20. april 2013 uttalte han følgende i anledning bombeangrepet mot Boston Marathon 15. april: "To hell with Boston and may Allah destroy america!! Our prayers and tears og to our loved ones in Afghanistan, Mali, Syria, Iraq, Myanmar, Yemen, Pakistan, Chechnya, Somaliam Bosnia and to all the Muslim Ummah!" og "EKTE LØVER!!! Måtte Allah SWT belønne dem! Amiin!", ledsaget av bilder av de to gjerningsmennene.
- torsdag 23. mai 2013 la han ut en lenke til en artikkel publisert på VG Nett dagen før om drapet på åpen gate i London av den britiske soldaten Lee Rigby, ledsaget av følgende uttalelse: "Gledelige nyheter fra England. En terrorist svin fra det britiske militæret slaktet av våres modige brødre mens de ropte Allahu Akbar. Måtte Allah SWT akseptere deres handling og intensjon, og ydmyke fiender av Islam på verst mulig måte. Amiin."
- mandag 23. september 2013 la han ut en lenke til en artikkel publisert på ABC Nyheter samme dag om terrorangrepet mot kjøpesenteret Westgate 21. september med overskriften "Terror-enke står bak terroraksjonen i Nairobi", ledsaget av følgende uttalelse: "Måtte Allah SWT gi henne høy rang i Jannah!"
- søndag 3. november 2013 endret han forsidebildet til bilder av Abdulla Ahmed Ali og syv andre personer som i 2009 i Storbritannia ble dømt for å ha planlagt og sprengt fly mens de var i luften på ruter mellom Storbritannia og Nord-Amerika

IV Straffeloven § 227 første straffalternativ

for i ord eller handling å ha truet med en straffbar handling som kan medføre høyere straff enn 6 måneders fengsel, under slike omstendigheter at trusselen var skikket til å fremkalle alvorlig frykt.

Grunnlag:

a)

Fredag 12. oktober 2012 kl. 09.16 i Oslo, etter at Dagsavisen samme dag publiserte en artikkel skrevet av Nina Johnsrud om ekstreme islamister som tar jegerkurs, sendte han en e-post til Johnsrud med følgende innhold:

'Artikkelen er mottatt av både kjente og ukjente brødre, og den er IKKE godt mottatt. At du har snoket i folks privatliv har satt sinnene i kok og du må ikke bli overrasket dersom noe eller noen dukker opp i privatlivet ditt også! Med ord eller handlinger, det vet ikke jeg! Dette er ikke en trussel, kun nyttig informasjon til ditt eget bruk.'

b)

Fredag 19. oktober 2012 kl. 09.17 i Oslo, etter at Aftenposten samme dag publiserte en artikkel skrevet av Andreas Bakke Foss om norske radikale muslimer som drar til Syria for å slutte seg til ulike grupper som kjemper mot Assads regime, sendte han en e-post til Bakke Foss med blant annet følgende innhold:

'...Når du skriver løgner og ting som er uriktig så gjør du den muslimske befolkningen SINNA. Både kjente og ukjente muslimer har reagert STERKT på din artikkel. Akkurat som du har gått inn i privatlivet til våres brødre, kan noen gå inn i privatlivet ditt. Ditt overtråkk er så grovt ved denne artikkelen at du bør være bekymret for din sikkerhet. Etter et par tastetrykk på nettet eller en telefon til et kontaktnettverk, er det veldig enkelt for folk å finne ut hvor du oppholder deg. Resten av historien kan du tenke deg selv. DETTE ER IKKE EN TRUSSEL, ADVARSEL ELLER SKREMME-MAIL, JEG OPPLYSER DEG BARE OM FORHOLDENE SOM KAN OPPSTÅ GRUNNET DIN LØGNAKTIGE ARTIKKEL. EI HELLER OPPFORDRER JEG TIL DETTE. MEN DERSOM NOE SKJER MED DEG, VIL JEG SMILE HELE VEIEN TIL BEGRAVELSE...'

Tiltalen som er sitert ovanfor, kjem i staden for tidlegare tiltalevedtak 18. november 2013, 14. januar 2014 og 30. juni 2014.

Det er i tiltalen post I ein openbar skrivefeil i omtalen av kva ledd i straffelova § 132 a som påtalemakta meiner at rammar tilhøvet. Det skulle ha vore vist til straffelova § 132 første (ikkje fjerde) ledd bokstav b jf. andre ledd jf. fjerde ledd første straffalternativ. Dette er i samsvar med utforminga av tidlegare tiltalevedtak 18. november 2013.

Dei tilhøva som tiltalen gjeld, blei behandla ved to ulike hovudforhandlingar i Oslo tingrett. Den første hovudforhandlinga blei halden 27. – 30. januar 2014, og tingretten sa 7. februar 2014 dom med slik domsslutning:

1. Arslan Ubaydullah Maroof Hussain født 20.8.1985 frifinnes for straffeloven § 135 a første og annet ledd i tilleggstiltalen
2. Arslan Ubaydullah Maroof Hussain født 20.8.1985 dømmes for overtredelse av
 - straffeloven § 132 a første ledd bokstav b jf. annet ledd jf. fjerde ledd første straffalternativ,
 - straffeloven § 135 a første og annet ledd
 - straffeloven § 227 første straffalternativ (to tilfeller)sammenholdt med straffeloven § 62 til en straff av fengsel i 120 -etthundreogtjue- dager.

Fullbyrdelsen av 60 – seksti – dager av straffen utsettes i medhold av straffeloven §§ 52-54 med en prøvetid på 2 -to- år. Den ubetingede delen er i sin helhet utholdt med 53 – femtitre- dager varetekt.

Hussain blei frifunnen for post II b i gjeldande tiltalevedtak, jf. domsslutninga punkt 1. Han blei dømd i samsvar med tiltalen for post I, II a og IV i gjeldande tiltalevedtak, jf. domsslutninga punkt 2.

Påtalemakta har anka tingrettens dom. Anken gjeld bevisvurderinga og rettsbruken under skuldspørsmålet for tiltalen post II b. Påtalemakta har også anka over straffutmålinga.

Hussain har gjeve fråsegn om avleia anke. Anken gjeld rettsbruken for tiltalen post I og saksbehandlinga for tiltalen post II a, IV a og IV b. For tiltalen post IV a gjeld anken subsidiært rettsbruken.

Ved Borgarting lagmannsretts vedtak 7. april 2014 blei anken frå påtalemakta over bevisvurderinga under skuldspørsmålet (tiltalen post II b) vist til ankeforhandling. Ved same vedtak blei Hussains anke over rettsbruken (tiltalen post I) vist til ankeforhandling. Hussains anke over saksbehandlinga for tiltalen post II a blei også vist til ankeforhandling, medan anken hans elles blei nekta fremja i medhald av straffeprosesslova § 321 andre ledd første punktum.

Hussains anke over saksbehandlinga for tiltalen post II a gjaldt spørsmålet om tiltale var tatt ut av rett påtalemakt. Under saksførebuinga trefte Borgarting lagmannsrett vedtak om at denne delen skulle bli behandla skriftleg. Ved Borgarting lagmannsretts dom 7. august 2014 blei anken forkasta. Dommen er rettskraftig.

Tidspunkt for ankeforhandling i lagmannsretten (om dei andre postane som var vist til ankeforhandling, jf. lagmannsrettens vedtak 7. april 2014) blei først fastsett til 20. november 2014. Ankeforhandlinga blei utsett fordi lagmannsretten vedtok sams ankeforhandling med ei anna straffesak mot Hussain, jf. omtale nedanfor.

Når det gjeld tilhøva i tiltalen post III, blei hovudforhandling i Oslo tingrett gjennomført 23. – 25. september 2014. Oslo tingrett sa 3. oktober 2014 dom med slik domsslutning:

Arslan Ubaydullah Maroof Hussain, født 20. august 1985, frifinnes.

Påtalemakta har anka dommen til Borgarting lagmannsrett. Anken gjeld bevisvurderinga og rettsbruken under skuldspørsmålet. Ved Borgarting lagmannsretts vedtak 6. november 2014 blei anken over bevisvurderinga under skuldspørsmålet vist til ankeforhandling.

Sams ankeforhandling blei halde 9., 10., 11. og 12. juni i Borgarting lagmannsretts hus i Oslo. Hussain møtte. Hussain ynskte ikkje å forklara seg til lagmannsretten. Hussain har tidlegare gjeve til saman fire forklaringar til politiet, og det blei under ankeforhandlinga lest opp frå deler av desse. Deler av eit lydopptak av den forklaringa som Hussain gav til tingretten 27. januar 2013 blei også spelt av. Sju vitne gav forklaring til lagmannsretten, inkludert journalist/forfattar Lars Akerhaug, som gav forklaring som sakkunnig vitne engasjert av påtalemakta. Nærare detaljar om bevisføringa går fram av rettsboka.

Aktor la ned slik påstand:

Arslan Ubaydullah Maroof Hussain, f. 20.08.1985, dømmes for overtredelse av straffeloven § 132 a første ledd bokstav b, jf annet ledd jf fjerde ledd første straffalternativ, straffeloven § 135 a første og annet ledd, straffeloven § 147 c første ledd bokstav a, samt for de forhold som er avgjort ved Oslo tingretts dom av 7. februar 2014, alt sammenholdt med straffeloven § 62, til en straff av fengsel i 1 år og 4 måneder, hvorav 6 måneder gjøres betinget med en prøvetid på 2 år, jf straffeloven §§52 flg. Til fradrag i den ubetingede delen av straffen kommer 53 dager for utholdt varetekt.

Forsvarar la ned slik påstand:

Tiltalte frifinnes for post I, II b og III og anses for øvrig på mildeste måte.

Subsidiært for post I at tingrettens dom oppheves.

Lagmannsrettens merknader:

Innleiing

Ved tingrettens dom 7. februar 2014 er Hussain rettskraftig dømd i samsvar med tiltalen post II a og IV. Lagmannsretten har kome til at han også skal dømmast i samsvar med tiltalen post I, medan han skal frifinnast for tiltalen post II b og III. Dette inneber at lagmannsretten – for dei postane der lagmannsretten skal ta stilling til spørsmålet om straffeskuld – har kome til same resultat som tingretten.

Lagmannsretten vil nedanfor først omtala bakgrunnen for saka i korte trekk. Lagmannsretten drøftar så spørsmålet om straffeskuld for kvar av tiltalepostane. Lagmannsretten drøftar til sist straffutmålinga. Lagmannsretten kjem til same straff som tingretten.

Bakgrunnen for tiltalen

Det går fram av dommene i tingretten at Hussain er fødd og oppvaksen i Oslo. Familien hans har bakgrunn i Pakistan.

Under hovudforhandlinga i Oslo tingrett 27. januar 2013 forklarte Hussain at han tidlegare var leiar av gruppa Profetens Ummah. Lagmannsretten viser til lydopptak som blei spelt av under ankeforhandlinga. Hussain forklarte at gruppa Profetens Ummah blei danna rundt årsskiftet 2011/2012, og at han tok del ved etableringa.

Påtalemakta har lagt fram ei utskrift frå internett frå ei heimeside for gruppa Profetens Ummah. I utskrifta heiter det:

Profetens Ummah er opprettet av en gruppe muslimer som har som mål, først og fremst å tilfredsstille Allah SWT, deretter presentere Islam i sin reneste form, slik den er lært bort, forstått og praktisert av Allahs siste sendebud, Profet Muhammed – [...] Hans Hushold, disipler og de første generasjonene, måtte Allah SWT være tilfreds med dem alle.

[...]

Vi tar også fullstendig avstand fra, og erklærer vårt hat og fiendtlighet til alle som setter seg opp mot Allah SWT, Islam og Allahs siste sendebud, Profet Muhammed [...].

Lagmannsretten legg til grunn at SWT er ei forkorting for Subhanahu Wa Ta'ala som tyder den største, den mest storslagne. Lagmannsretten viser til Oslo tingretts dom 3. oktober 2014 side 5.

Basert på Hussains forklaring i lydopptaket legg lagmannsretten også til grunn at gruppa Profetens Ummah ikkje har medlemslister, men at det var ei kjerne i gruppa på ca. 50 personar hausten 2012. Basert på den same forklaringa legg lagmannsretten til grunn at Hussain oppfattar seg sjølv som ein praktiserande muslim med eit ynske om å følgja Koranen bokstavleg.

Lagmannsretten legg vidare til grunn som uomstridd at Hussain dei seinare åra har vore relativt aktiv med å publisera tekstar på ulike sider på internett, blant anna på hans eiga side på Facebook.

Tiltalen post I

Tiltaleposten gjeld straffelova § 132 a om motarbeiding av rettsvesenet.

Grunnlaget for tiltalen er ei hending som skjedde under rettsmøte i Borgarting lagmannsrett 16. oktober 2012. Det var ankeforhandling i straffesak mot Najumuddin Faraj Ahmad, også kjent som mulla Krekar. Hussain var til stades som publikum. Forskar ved Forsvarets Forskningsinstitutt, Brynjar Lia, gav vitneforklaring som sakkunnig til lagmannsretten.

Det er ikkje omstridd at bakgrunnen for at Hussain var til stades som publikum, dels var eit ynske om å visa støtte til mulla Krekar.

Lagmannsretten skal ikkje prøva bevisa under skuldspørsmålet for denne tiltaleposten. Bevisvurderinga er endeleg avgjort ved Oslo tingretts dom 7. februar 2014. Lagmannsretten er bunden av denne. Gjeldande tiltale post I er utforma identisk med tiltalen 18. november 2013 post I.

Tingrettens bevisvurdering går fram av dommen side 12 der det heiter:

Retten finner det bevist utover enhver rimelig tvil at tiltalte har framsatt ytringene slik de framkommer i tiltalebeslutningens post I. Retten viser til forklaringen til Brynjar Lia. Han hadde som sakkyndig holdt et lengre innlegg i straffesaken mot Najumuddin Faraj Ahmad (Mullah Krekar) og vist plansjer om norske militante islamister blant annet Profetens Ummah. Han hadde blant annet forklart om islamisme, ønsket om opprettelsen av en Islamsk stat, den globale jihadist bevegelsen og Al Qaida og andre islamister som bruker antidemokratiske midler og er tilhenger av bruk av vold. Det omtales gjerne som radikal, ekstrem eller militant islam. I en pause hadde tiltalte uttrykt utsagnene i tiltalebeslutningen. Lia sin forklaring understøttes av at han fortalte om dette til Lars Gule rett etterpå. Han tok det videre opp med en del av de øvrige aktørene i saken. Det ble skrevet ned i e-post kort tid etter.

Av tingrettens dom side 13 går det også fram at tingretten fann det bevist at Hussain handla med forsett.

Forsvarar har for lagmannsretten, utanom ankegrunnen, gjort gjeldande at det ligg føre saksbehandlingsfeil ved tingrettens dom fordi domsgrunnane er mangelfulle på ein måte som gjer det uråd å prøva anken, jf. straffeprosesslova § 343 andre ledd nr. 8. Forsvarar har hevda at det ikkje går fram av tingrettens dom på kva faktisk og rettsleg grunnlag tingretten kom til at vilkåret "gjengjelder", jf. straffelova § 132 a første ledd bokstav b, er oppfylt.

Lagmannsretten meiner at domsgrunnane til tingretten ikkje er mangelfulle. Når ein vurderer tingrettens domsgrunnar samla, meiner lagmannsretten at det går klart fram at tingretten fann det bevist at utsegnene til Hussain kom *på grunn av* den forklaringa som Brynjar Lia gav til retten like før, og at det låg føre forsett frå Hussain også på dette punktet. Vilkåret "gjengjelder" inneber eit krav om årsakssamanheng, og vilkåret reiste her ikkje spesielle faktiske eller rettslege problem som det var grunn for tingretten til å problematisera nærare. Lagmannsretten viser til at det i tingrettens dom, i første avsnitt under drøftinga av tiltalen post I, heiter at "Tiltalte forklarte at han var uenig i framstillingen til Lia og kalte han et svin i en pause". Lagmannsretten meiner at dette må oppfattast slik at tingretten meinte at det – basert på Hussains eiga forklaring – låg føre årsakssamanheng mellom vitneforklaringa til Lia og det Hussain sa. Tingrettens dom kan ikkje tolkast på annan måte enn at tingretten fann det bevist at Hussain sjølv hadde vedgått at han mislikte vitneforklaringa til Lia, og at det som blei sagt av Hussain etterpå var eit resultat av denne misnøya. Det er ingen haldepunkt for at Hussain hadde andre grunnar for å ta kontakt med Lia etterpå. Det bevismessige tvistepunktet for tingretten var knytt til det konkrete innhaldet i kva som blei sagt av Hussain. Tingretten såg her bort frå Hussains forklaring og la til grunn som bevist utover ein kvar rimeleg tvil at Hussains utsegner var slik som referert i tiltalen.

Anken frå Hussain gjeld rettsbruken til tingretten. Det blir hevda at ut frå det faktum som tingretten fann bevist, så er det ikkje tale om ei handling som blir ramma av straffelova § 132 a.

Straffelova § 132 a har slik ordlyd:

For motarbeiding av rettsvesenet straffes den som ved vold, trusler, skadeverk eller annen rettsstridig atferd overfor en aktør i rettsvesenet eller noen av hans nærmeste

[...]

b) gjengjelder en handling, et arbeid eller en tjeneste som aktøren har utført i forbindelse med en straffesak eller en sivil sak.

Det er klart at Lia som sakkunnig vitne var "en aktør i rettsvesenet", jf. straffelova § 132 a andre ledd bokstav b.

Spørsmålet er om handlinga til Hussain, slik den er skildra i tingrettens dom, er "annen rettsstridig atferd", ut frå ei korrekt tolking av dette uttrykket i lova. På same måte som tingretten, meiner lagmannsretten at det er naturleg å ta utgangspunkt i Høgsteretts omtale av det aktuelle vilkåret i Rt. 2007 side 439 avsnitt 19 og 20. Med støtte i lovforarbeida understreka førstvoterande i Høgsterett at føremålet med straffebodet står sentralt ved

vurderinga uttrykket "annen rettsstridig atferd". I Ot.prp. nr. 40 (1999-2000) side 86 heiter det blant anna:

Det avgjørende ved vurderingen av om handlingen er rettsstridig, er om den fremtrer som uberettiget, slik at det er grunn til å ramme den med straff. Straffebudets formål står da sentralt. Det er også av betydning om det er rimelig å straffe i det konkrete tilfellet. Dessuten må konsekvensene av at handlingen eventuelt anses som rettmessig trekkes inn. Vil straffebudets effektivitet undergraves?

Handlinger som i utgangspunktet faller inn under den alminnelige handlefrihet, vil lett kunne oppfattes som trusler hvis de er begått av den tiltalte eller en person i hans miljø og er rettet mot et vitne eller en av de andre aktørene i saken.

Lagmannsretten er samd med tingretten i at utsegnene til Hussain inneheld eit element av trugsmål, og at dette særleg gjeld delen om at "muslimene vil ta ansvar". Lagmannsretten meiner at føremålet med straffelova § 132 a med styrke talar for at utsegner av denne typen fell inn under "annen rettsstridig atferd". Alle dei ulike aktørane i rettsvesenet har eit behov for å bli verna mot slik åtferd. Utan eit slikt vern, er det klar risiko for at rettsvesenet vil bli dårlegare i stand til å fylla dei funksjonane som det er sett til i samfunnet. For å sikra at saker blir forsvarleg opplyst og behandla, er det viktig at aktørane har eit effektivt vern. Lagmannsretten peiker på at dette poenget blir illustrert av at Lia forklarte under ankeforhandlinga at han i etterkant av episoden ikkje har ynskt å ta på seg nye oppdrag som sakkunnig i retten. Den konkrete reaksjonen til Lia er ikkje relevant for vurderinga av skuldspørsmålet, men etter lagmannsrettens syn må reaksjonar som hos Lia på generelt grunnlag vurderast som påreknelege – slik at føremålet med straffelova § 132 a tilseier at tilhøvet blir ramma av lova.

Lagmannsretten meiner at utsegnene til Hussain, under dei omstenda dei blei sett fram under denne tiltaleposten, ikkje er verna av yringsfridomen. Innhaldet i utsegnene går markert lengre enn å gje uttrykk for eit synspunkt om usemje knytt til innhaldet i vitneforklaringa til Lia. Dei omsyna som ligg bak straffelova § 132 a, må etter lagmannsrettens syn her ha størst gjennomslagskraft.

Hussain blir etter dette dømd i samsvar med tiltalen post I.

Knytt til bevisvurderinga under *straffutmålinga* for post I har forsvarar hevda at det ikkje er bevismessig grunnlag for tingrettens vurdering av at utsegnene til Hussain kom i ein pause under Lias forklaring. Forsvarar hevdar at det må leggjast til grunn at Lia var ferdig med forklaringa si. Lagmannsretten meiner for sin del at det er bevist ut over ein kvar rimeleg tvil at utsegnene kom i ein pause under forklaringa, i samsvar med skildringa i tiltalen. Lagmannsretten har her lagt særleg vekt på Lias forklaring under ankeforhandlinga.

Bakgrunnen for at spørsmålet kom opp, er at det i tingrettens dom er konkludert med at Hussains utsegner var eigna til å påverka Lia før den vidare forklaringa, jf. straffelova § 132 a første ledd bokstav a, sjølv om dette alternativet ikkje var omfatta av tiltalen. Som det går fram ovanfor, har lagmannsretten bygd på at tiltalen gjeld brot på straffelova § 132 a første ledd bokstav b. Dette utgjer ramma for saka. Lagmannsretten meiner at det konkrete tidspunktet for utsegnene ikkje får praktiske utslag for straffutmålinga.

Tiltalen post II b

Innleiing

Tiltalen gjeld straffelova § 135 a første og andre ledd, som forbyr å setja fram ei diskriminerande eller hatefull ytring offentleg.

Lagmannsretten har delt seg i synet på om vilkåra for straffeskuld er oppfylt. Etter straffeprosesslova § 35 første ledd blir det kravd meir enn fem stemmer for å avgjera skuldspørsmålet til ugunst for den tiltalte. Fire av dommarane i lagmannsretten meiner at vilkåra for straffeskuld er oppfylt, medan tre av dommarane har motsett syn. Hussain blir såleis frifunnen i samsvar med mindretalets syn.

Innleiande merknader frå ein samla lagmannsrett

Lagmannsretten skal prøva bevisvurderinga under skuldspørsmålet. Ved bevisvurderinga har lagmannsretten lagt til grunn at ein kvar rimeleg tvil skal koma Hussain til gode. Når det seinare i dommen heiter at eit omstende er bevist, inneber dette at det aktuelle omstendet er bevist ut over ein kvar rimeleg tvil.

Det er uomstridd at Amal Aden den 8. november 2013 blei utsett for vald frå to kvinner på open gate i Oslo sentrum. Det er også uomstridd at hendinga blei omtalt i media like etter, og at media kopla hendinga til at Amal Aden ved fleire høve hadde sett fram kritiske synspunkt blant anna retta mot grupper av muslimar busett i Noreg.

Det er for lagmannsretten lagt fram ein artikkel om Amal Aden publisert i juni 2013 på heimesida til Amnesty International. Ifølgje artikkelen hadde Amal Aden då gjeve ut fem bøker i Noreg. I artikkelen går det vidare fram at Amal Aden i Aftenposten 7. august 2011 stod fram som lesbisk, samstundes som ho gav uttrykk for at ho såg på seg sjølv som muslim. Aktor har vidare lagt fram ei utskrift frå Wikipedia med omtale av Amal Aden, der det går fram at den første boka hennar kom i 2008 og at den drøfta problematiske sider ved det norsk-somaliske miljøet. Ein samla lagmannsrett legg til grunn desse opplysningane. Forsvarar har ikkje hatt motsegner til skildringa av Amal Adens verksemd på dei nemnde punkta.

Tiltaleposten gjeld ei skriftleg ytring sett fram på ei Facebook-side med namnet Tawfiiq Youth. Ein samla lagmannsrett legg til grunn som bevist at Facebook-sida på det aktuelle tidspunktet minst hadde mange hundre medlemmer. Politioverbetjent Kristian Hovde forklarte til lagmannsretten at sida på eit noko seinare tidspunkt, 17. januar 2014, hadde 3 889 medlemmer. Ein samla lagmannsrett meiner etter dette at ytringa utan tvil er sett fram "offentlig", noko som er eit vilkår etter straffelova § 135 a.

Politioverbetjent Hovde forklarte vidare at Facebook-sida Tawfiiq Youth er ein sosial møteplass for ungdom med ulik bakgrunn, men at det er ei hovudvekt av medlemmer med muslimsk bakgrunn. Ein stor del av innhaldet gjeld tema knytt til religion. Ein samla lagmannsrett legg dette til grunn.

Ein samla lagmannsrett meiner vidare at det er bevist at det er Hussain som har sett fram den aktuelle ytringa, og at ytringa er sitert rett i tiltalen. Lagmannsretten viser her til den forklaringa som Hussain gav i tingretten, jf. lydopptak, og til framlagt utskrift av ytringa.

Ein samla lagmannsrett meiner vidare at det er bevist at ytringa var tilgjengeleg på nettsida kort tid – om lag 20-30 minuttar – før den blei sletta av Hussain sjølv. Bevisvurderinga byggjer også på dette punktet på Hussains forklaring.

Ved den nærare vurderinga har lagmannsretten delt seg i eit fleirtal og i eit mindretal.

Merknader frå lagmannsrettens fleirtal

Lagmannsrettens fleirtal, lagdommar Leirvik, sorenskrivar Flavik, meddommar Madsen og meddommar Haraldsen, ser saka slik:

Fleirtalet tar utgangspunkt i at ytringa til Hussain var ein del av ei meningsutveksling på internett, gjerne omtalt som ein "tråd", der utgangspunktet var ei elektronisk lenkje til ei nyhendesak på internett om den valdsepisoden som hadde skjedd andsynes Amal Aden dagen før.

Den omtalte lenkja til nyhendesaka er ikkje lagt fram for lagmannsretten. Det er såleis uvisst kva som var det konkrete innhaldet i denne, og kven som hadde skrive/publisert saka. Aktor har opplyst at sjølve ytringa til Hussain blei sikra fordi politiet mottok ei utskrift av eit skjermbilete (såkalla "skjermdump") med Hussains ytring. Dette skjermbiletet blei sikra av ein privatperson før ytringa blei sletta av Hussain. Då politiets etterforsking blei sett i gang, var korkje Hussains ytring eller lenkja til nyhendesaka tilgjengeleg på internett. Aktor har opplyst at politiet ikkje sette i gang etterforskningssteg med sikte på å prøva å få framlagt det sletta materialet.

Sjølv om det såleis er uklart kva nyhendeoppslag som var utgangspunktet for ordskiftet på Facebook, meiner fleirtalet at det er bevist at det var tale om eit oppslag som gjaldt valdsbruken mot Amal Aden i Oslo sentrum dagen før. Fleirtalet har lagt vekt på at Hussain sjølv forklarte i tingretten, jf. lydopptaket, at han oppfatta at namnet Amal Aden var nemnt og at det var tale om ei lesbisk kvinne. Fleirtalet har vidare lagt vekt på vitneforklaringa til Håkon Haugli. Haugli forklarte at han leste ytringa til Hussain medan denne låg tilgjengeleg på Facebook-sida, og at han ut frå samanhengen på Facebook-sida ikkje var i tvil om at utgangspunktet for diskusjonen var ei nyhendesak om angrepet på Amal Aden i Oslo sentrum dagen før.

Hussain har forklart – både til politiet og tingretten – at namnet Amal Aden den gongen ikkje sa han noko spesielt. Han oppfatta diskusjonen på Facebook som at utgangspunktet var ei hending som hadde funne stad i Somalia mot ei lesbisk kvinne der. Fleirtalet festar ikkje lit til Hussains forklaring på dette punktet, og ser fullstendig bort frå forklaringa.

Fleirtalet meiner det er bevist at Hussain på det aktuelle tidspunktet visste kven Amal Aden var, og at han var klar over at ordskiftet på Facebook-sida gjaldt vald som Amal Aden hadde blitt utsett for i Oslo sentrum dagen før. Fleirtalet meiner også det er bevist at Hussain sjølv oppfatta at bakgrunnen for valdsbruken var at Amal Aden offentleg hadde omtalt seg som muslim og lesbisk i Noreg. Ved bevisvurderinga har fleirtalet lagt vekt på at Hussain på dette tidspunktet (9. november 2013) over ein lengre periode hadde fungert som talsperson for gruppa Profetens Ummah. Fleirtalet viser til Hussains eiga forklaring, som blir underbygd av ei lang rekkje dokumentbevis som er lagt fram av påtalemakta i form av avisartiklar og publiseringar på internett frå perioden før 9. november 2013. Fleirtalet meiner at det kan utelukkast at Hussain, med den bakgrunnen han hadde på gjerningstidspunktet, ikkje kjente til at Amal Aden hadde stått fram i media slik som er det omtalt ovanfor. Det kan også utelukkast at Hussain – då han publiserte ytringa på Facebook-sida 9. november 2013 – ved eit mistak ikkje kopla namnet Amal Aden saman med den kunnskapen han hadde om hennar person. Fleirtalet meiner at denne bevisvurderinga blir underbygd av at vitnet Håkon Haugli forklarte at han for sin del, ut frå samanhengen på Facebook-sida, ikkje var i tvil om at det var tale om ei hending i Noreg.

Det neste spørsmålet blir om det faktum som fleirtalet har funne bevist, blir ramma av straffelova § 135 a første og andre ledd. Ved denne vurderinga må den aktuelle ytringa til Hussain tolkast. Slik tolking er etter sikker rett ein del av rettsbruken. Lagmannsretten viser til Rt. 2012 side 536, som gjaldt spørsmål om straffansvar etter straffelova § 135 a for påstått rasistiske ytringar sett fram andsynes ei dørvakt på ein utestad. Det heiter i Høgsteretts avgjerd avsnitt 17-20:

(17) For å kunne ta stilling til om utsagnene tiltalte kom med rammes av straffebudet, må de først tolkes slik at innholdet i dem kan fastlegges. Tolkningen er en del av

rettsanvendelsen der Høyesterett har full kompetanse, jf. plenumsavgjørelsene i Rt-1997-1821 på side 1826 og i Rt-2002-1618 på side 1626.

(18) Det avgjørende for tolkningen er hvordan den alminnelige tilhører vil oppfatte utsagnet ut fra den sammenheng det er fremsatt, jf. Rt-1997-1821 på side 1826 og Rt-2002-1618.

(19) Ved korte, muntlige uttalelser vil tilhørernes umiddelbare forståelse - det vil si oppfatning uten nevneverdig tankemessig bearbeidelse - av det som blir sagt, være det sentrale for fastleggelsen av meningsinnholdet. Det skal likevel i samsvar med det kontekstuelle tolkningsprinsippet, være slik at uttalelsen «må tolkes i lys av de ytre omstendigheter den fremsettes under», se Rt-2002-1618 på side 1627. De enkelte utsagn kan altså ikke tolkes isolert, men må bedømmes samlet og innenfor den ramme de ble fremsatt, jf. til sammenligning Rt-1981-1305 på side 1314 der det fremgår at enkeltstående utsagn i en løpeseddel må bedømmes samlet og i sammenheng med løpeseddelenes innhold for øvrig.

(20) Når det gjelder den konkrete tolkningen, er utgangspunktet at ingen skal risikere strafferettslig ansvar ved at utsagn tillegges et meningsinnhold som ikke er uttrykkelig uttalt, med mindre et slikt innhold med rimelig stor sikkerhet kan utledes av sammenhengen, jf. Ot.prp.nr.33 (2004-2005) side 189.

Fleirtalet meiner at ytringa til Hussain må tolkast som eit synspunkt om at dei to gjerningspersonane i Oslo sentrum burde ha gått lengre i valdsbruken andsynes Amal Aden, fordi praktisering av homofil skal straffast med døden ved steining etter islam. Utsegna synest å vera svar på eit tidlegare innlegg av ein annan aktør som tok til orde for at gjerningspersonane ikkje burde ha slått Amal Aden – underforstått at dei ikkje burde ha brukt vald i det heile. Hussains ytring spelar på dette tidlegare innlegget. Den første setninga hans – "Jeg er helt enig" – oppfattar fleirtalet som ironisk meint på bakgrunn av den etterfølgjande setninga om at korrekt handling ville ha vore steining. Samstundes meiner fleirtalet at den aller siste setninga – "Måtte Allah SWT ta vare på våre mødre som kjemper for Haq og vekke oss brødre som sover!!!" – inneber at det for lesaren ikkje er naturleg å oppfatta den samla ytringa som ein spøk eller primært som eit forsøk på uttrykk for humor. Dette blir heller ikkje endra av den konteksten som ytringa blei sett fram i. Ytringa var skriftleg, på ei side på internett der mange av brukarane er unge muslimar. Fleirtalet meiner at det i denne samanhengen må leggjast til grunn som bevist at ein vesentleg del av brukarane av sida kjente til Hussain og hans uttrykte ynske om å følgja Koranen bokstavleg. For slike lesarar var det naturleg å oppfatta ytringa som eit uttrykk for at gjerningspersonane burde ha gått lengre i valdsbruken mot Amal Aden nettopp fordi ho er praktiserande homofil.

Fleirtalet meiner at det er bevist at Hussain handla med forsett. Fleirtalet viser til drøftinga ovanfor av kva kunnskap Hussain hadde.

Spørsmålet etter dette blir om ei slik ytring skal reknast som ei "diskriminerende eller hatefull" ytring etter straffelova § 135 a andre ledd bokstav c, som har slik ordlyd:

Med diskriminerende eller hatefull ytring menes det å true eller forhåne noen, eller fremme hat, forfølgelse eller ringeakt overfor noen på grunn av deres [...]

c) homofile legning, leveform eller orientering, [...]

Straffelova § 135 a skal tolkast på bakgrunn av Grunnlova § 100 om ytringsfridom. Omsynet til ytringsfridom er ein sentral tolkingsfaktor og kan i mange tilfelle tilseia ei innskrenkande tolking av straffelova § 135 a. Lagmannsretten viser til Høgsteretts drøfting i Rt. 2012 side 536 avsnitt 26-29 med omtale av tidlegare rettspraksis, blant anna Rt. 2002 side 1618 der det blei gjeve uttrykk for at utsegner som "oppfordrer eller gir tilslutning til integritetskrenkelser" vil kunna bli ramma av straffelova § 135 a fordi slike utsegner er av "kvalifisert krenkende karakter", jf. Ot.prp. nr. 29 (1980-1981). I slike tilfelle vil ikkje omsynet til ytringsfridomen ha den same gjennomslagskrafta.

Fleirtalet meiner at det i denne saka er eit moment at det ikkje berre er tale om ei ytring som inneber tilslutning til å krenkja integriteten til homofile, men at det også er tale om ei tilslutning til krenking av integriteten til ein namngjeven person på grunnlag av at personen er homofil. Fleirtalet meiner at det ved slik tilslutning til vald mot ein konkret person er endå mindre grunn til å leggja vekt på omsynet til ytringsfridom i avveginga opp mot behovet for vern av homofile som gruppe.

Forsvarar har gjort gjeldande at ytringa også må vurderast opp mot omsynet til religionsfridom, jf. Rt. 1984 side 1359, som gjeld utsegner som var sett fram av ein pastor under eit radioprogram. Forsvarar har vist til at det følgjer av Rt. 1984 side 1359 at det å sitera religiøse tekstar, eller å gje att slike tekstar noko meir fritt, fell utanfor kva som blir ramma av straffelova § 135 a. Fleirtalet meiner at ytringa til Hussain ikkje kan vurderast som straffri på dette grunnlaget. Fleirtalet peiker på at ytringa blei sett fram i ordskifte på internett. Etter fleirtalets syn er det her ikkje tale om ein aktivitet som kan seiast å liggja i kjerneområdet for utøving av tru. Det avgjerande for fleirtalet er likevel at utsegna etter fleirtalets syn ikkje framstår som ei attgjeving av ein skriftsstad fordi utsegna til Hussain er så direkte knytt til den konkrete valdsepisoden mot Amal Aden.

På det grunnlaget som går fram ovanfor, meiner fleirtalet at Hussain skal dømmast for brot på straffelova § 135 a første og andre ledd i samsvar med tiltalen post II b.

Merknader frå lagmannsrettens mindretal

Lagmannsrettens mindretal – lagdommar Grimstad, meddommar Clarhäll og meddommar Bilit Sveen – ser saka slik:

Ut frå det strenge beviskravet i straffesaker meiner mindretalet at det ikkje er grunnlag for å sjå bort frå forklaringa til Hussain om at han oppfatta situasjonen slik at utgangspunktet for ordskiftet på Facebook var ei sak om ei lesbisk kvinne i Somalia som hadde blitt utsett for vald frå to andre kvinner.

Saka er dårleg opplyst når det gjeld kva som var ramma og bakgrunnen for Hussains ytring. Lagmannsretten har berre fått framlagt utskrift av Hussains innlegg og to andre innlegg i det same ordskiftet. Utgangspunktet for ordskiftet var ei lenkje til ei nyhendesak på internett om angrepet på Amal Aden, men det er usikkert kor mange detaljar denne saka inneheldt, blant anna om det gjekk klart fram at hendinga skjedde i Noreg. Det er òg uvisst kor mange detaljar frå nyhendesaka Hussain fekk med seg, også fordi det er uvisst om han klikka seg inn på lenkja og leste saka. Det kan ikkje sjåast bort frå at han berre såg ei lenkje til ei sak om to somaliske damer som hadde gått til åtak på ei lesbisk dame som heitte Amal Aden.

Med dette utgangspunktet meiner mindretalet at det ikkje er bevist ut over rimeleg tvil at Hussain forstod at det var den kjende norsk-somaliaren Amal Aden som hadde blitt angripen, eller at åtaket hadde skjedd i Noreg. Også mindretalet meiner det er klart sannsynleg at Hussain, med den posisjonen han hadde, visste kven Amal Aden var. Det er likevel ikkje heva over rimeleg tvil at han reflekterte over det i den augneblinken som han skreiv kommentaren på Facebook. Mindretalet meiner det heller ikkje er bevismessig grunnlag for å byggja på at Hussain utviste grov aktløyse ved at han ikkje forstod at utgangspunktet for ordskiftet var eit angrep mot Amal Aden i Noreg. Det at han relativt snart sletta kommentaren, etter 20–30 minuttar, kan skuldast at han hadde blitt klar over at det var tale om den norske Amal Aden.

Sidan det ikkje kan sjåast bort frå at Hussain trudde at åtaket hadde skjedd i Somalia, må ytringa tolkast på den bakgrunnen. Mindretalet viser i denne samanhengen til prinsippa for tolkinga av ytringar i Rt. 2012 side 536 avsnitt 20. Ytringa kan i så fall ikkje ha vore retta mot ein bestemd person i Noreg. Forstått på denne måten kan kommentaren oppfattast som hans utlegging av kva som følgjer av islamske reglar; "praktisering av homofili skal straffes med døden". Det at han skreiv at "de" ikkje burde slå henne og at "de" burde steine henne, framfor meir objektivt å greia ut om kva som følgjer av islamsk rett, kan det ikkje leggjast mykje vekt på. Presisjonsnivået er ofte ikkje det høgaste i slike korte kommentarar på Facebook. Sjølv om han sikta til dei to konkrete kvinnene og det konkrete åtaket, kan kommentaren tolkast som ei meiningsytring om av kva som ville ha vore det rette ifølgje islam i eit land der fleirtalet av innbyggjarane er muslimar, kombinert med eit uttrykk for støtte til dei to somaliske kvinnene som utførte åtaket.

Forstått på denne måten meiner mindretalet at Hussains Facebook-kommentar ikkje blir ramma av straffelova § 135 a første og andre ledd. Mindretalet viser til at Høgsterett i Rt.

2007 side 1807 avsnitt 33 skildra norma for kva ytringar som blir ramma av § 135 a på denne måten:

Straffeloven § 135 a har vært behandlet av Høyesterett i seks saker hvorav de to siste, Rt. 1997 side 1821 og Rt. 2002 side 1618, ble behandlet i plenum. Når bestemmelsens nærmere innhold skal beskrives, er det derfor naturlig å ta utgangspunkt i de to plenumsavgjørelsene. I Rt. 1997 side 1821 er på side 1826 rettspraksis oppsummert slik at det bare er de grove forhold som rammes. Det er vist til Ot.prp. nr. 29 (1980–1981), som i forbindelse med tilføyelsen av annet punktum i § 135 a, presiserer at det bare er 'ytringer av kvalifisert krenkende karakter som vil bli rammet'. I Rt. 2002 side 1618 er dette på side 1624 utdypet dit hen at utsagn som 'oppfordrer eller gir tilslutning til integritetskrenkelser', vil kunne være av en slik karakter. Det samme gjelder om utsagnene 'innebærer en grov nedvurdering av en gruppes menneskeverd'.

Dette er også lagt til grunn i Rt. 2012 side 536 avsnitt 28.

Mindretalet meiner at Hussains Facebook-kommentar, forstått slik som skildra ovanfor, ikkje kan reknast som ei grov nedvurdering eller ei kvalifisert krenking av lesbiske eller homofile som gruppe. Ytringa gjev tilslutning til integritetskrenkingar av homofile og lesbiske, men berre som ei følgje av det som – etter Hussains syn – er bestemt om dette i islamsk rett. Som nemnt kan ytringa oppfattast som ei utlegning av, og tilslutning til, islamsk rett. Etter mindretalets syn ligg dette innanfor rammene av yttringsfridomen, slik denne er verna blant anna av Grunnloven § 100 og EMK artikkel 10. Straffelova § 135 a må tolkast innskrenkande i lys av dette.

Mindretalet meiner såleis at straffelova § 135 a ikkje kan tolkast slik at den gjev heimel for å straffefølgja utsegner om at ei bestemt oppfatning av islamsk rett skal leggjast til grunn i ein annan stat der fleirtalet av innbyggjarane er muslimar, og som gjev uttrykk for støtte til personar som har utført handlingar på eit slikt grunnlag. Mindretalet meiner difor at Hussain må frifinnast for brot på straffelova § 135 a for tilhøvet i tiltalen post II b.

Konklusjon for post II b

I samsvar med mindretalets syn, jf. straffeprosesslova § 35 første ledd, blir Hussain frifunnen for tiltalen post II b.

Tiltalen post III

Innleiing

Tiltalen gjeld straffelova § 147 c som forbyr offentleg oppmoding om å setja i verk terrorhandling.

Lagmannsretten har kome til at ingen av utsegnene som tiltalen gjeld – korkje isolert eller samla – blir ramma av straffebodet. Hussain blir difor frifunnen.

Lagmannsretten vil nedanfor gjera greie for grunnlaget for vurderinga. Lagmannsretten gjer først greie for tolkinga av straffelova § 147 c på generelt grunnlag, før lagmannsretten går over til den konkrete bevisvurderinga og rettsbruken.

Tolkinga av straffelova § 147 c

Innleiing

Lagmannsretten nemner først at det er vanskeleg å trekkja noko skarpt skilje mellom generell lovtolking og konkret bruk av straffelova § 147 c. Straffebodet må tolkast og brukast innan dei rammene som følgjer av Grunnlova § 100 om yringsfridom og av Noregs folkerettslege plikter, jf. straffelova § 1 andre ledd. Ulike folkerettslege plikter er relevante, blant anna EMK artikkel 10 og FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar (SP) artikkel 19, som begge slår fast retten til yringsfridom – men slik at denne fridomen ikkje er absolutt fordi den kan koma i konflikt med andre grunnleggjande rettar og interesser. Slik lagmannsretten ser det, kjem ikkje tilhøvet til Grunnlova § 100 eller dei folkerettslege pliktene på spissen i denne saka.

Straffelova § 147 c inneheld fleire ulike vilkår for straffansvar.

Det er for det første eit vilkår at oppmodinga har skjedd "offentlig". Det vilkåret drøftar ikkje lagmannsretten nærare, sidan det utan tvil er oppfylt. Det er på det reine at tiltalen gjeld tekst/foto som var tilgjengeleg på ein open Facebook-profil på internett.

Det er for det andre eit vilkår at det ligg føre oppmoding om å setja i verk *terrorhandling*, slik terrorhandling er definert i straffelova § 147a første eller tredje ledd, eller i § 147b første eller andre ledd. Oppmoding til andre typar straffbare handlingar blir ikkje ramma av straffelova § 147 c. Lagmannsretten meiner det rettslege innhaldet i denne delen av straffebodet ikkje byr på problem, og drøftar difor ikkje dette vilkåret nærare.

Det er for det tredje eit vilkår at gjerningspersonen "oppfordrer" nokon til å "iverksette" terrorhandling. Det rettslege innhaldet i dette – at det må vera ei oppmoding om å setja i verk – reiser etter lagmannsrettens syn vanskelege spørsmål. Lagmannsretten går nedanfor igjennom ulike tolkingmoment knytt til vilkåret.

Lovforarbeid

Straffelova § 147 c blei vedtatt som følgje av Europarådkonvensjonen av 16. mai 2005 om førebygging av terrorisme, som Noreg har underteikna og ratifisert.

Straffelova § 147 c blei vedteken ved lov 19. desember 2008 nr. 114, og blei sett i kraft straks. Straffebodet i § 147 c var identisk utforma med § 136 i straffelova av 2005, som på dette tidspunktet allereie var vedtatt, men ikkje sett i kraft. Straffelova § 147 c blei vedtatt for at det skulle vera mogleg for Noreg å ratifisera Europarådkonvensjonen før straffelova av 2005 blei sett i kraft. Forarbeida til straffelova § 147 c viser i all hovudsak til forarbeida til straffelova av 2005 § 136. Det er ved gjennomgangen difor naturleg å ta utgangspunkt i dei sistnemnde forarbeida.

I Ot.prp. nr. 8 (2007-2008) punkt 8.8.5.1 er det uttalt at Europarådkonvensjonen artikkel 5-7 "pålegger statspartene å sette straff for henholdvis offentlig oppfordring til å begå en terrorhandling og rekruttering og opplæring til terrorhandlinger". Det heiter i den same odelstingsproposisjonen punkt 8.8.5.4 under "departementets vurdering":

Etter artikkel 5 skal både direkte og indirekte oppfordring til terrorhandlinger rammes av straff. En indirekte oppfordring til å begå terrorhandlinger kan blant annet bestå i utbredelse av etnisk og religiøst hat, etterfølgende bifall av et terrorangrep og glorifisering av terrorister og terrororganisasjoner. Det går imidlertid frem av artikkel 12 at forpliktelsen må tolkes i lys av menneskerettigheter som for eksempel ytringsfrihet. Slik departementet ser det, er det ikke mulig å kriminalisere indirekte oppfordringer på generelt grunnlag uten å trå ytringsfriheten for nær. På denne bakgrunn går departementet inn for å formulere bestemmelsen slik at den bare rammer oppfordring til iverksettelsen av terrorhandlinger og terrorrelaterte handlinger. I hvilken grad også mer indirekte oppfordringer rammes av bestemmelsen, må avgjøres etter en konkret vurdering der ikke bare forpliktelsene etter artikkel 5, men også hensynet til ytringsfriheten trekkes inn.

I departementets særskilte merknader i den same proposisjonen punkt 12.2.3 heiter det blant anna:

Den straffbare handlingen er å "oppfordre[r] noen til å iverksette" en terror- eller terrorrelatert handling. Oppfordringen vil typisk skje ved ord eller i gjerning, men det er ikke oppstilt noe formkrav.

Med "iverksette" siktes det til en oppfordring om å påbegynne en straffbar handling. Forslaget gir frihet til offentlig å forfekte en mening om at visse straffbare handlinger er av det gode, eller at det i hvert fall ikke bør kunne medføre straff, men det er en flytende grense mot oppfordringer som går så langt i å forherlige terrorhandlinger at de må forstås som en oppfordring om å iverksette dem.

I Ot.prp. nr 79 (2007-2008) punkt 8.1 under departementets særskilte merknader til straffelova § 147 c heiter det:

I utgangspunktet må oppfordringen knytte seg til en individualisert handling, eller til artsbestemte handlinger, men også en mer ubestemt oppfordring vil ut fra situasjonen eller omstendighetene for øvrig kunne rammes av bokstav a.

Det går såleis fram av lovforarbeida at det var eit medvite val hos lovgjevar at berre oppmoding til "iverksettelse" av terrorhandlingar blei gjort straffbar. Departementet meinte at ei slik utforming av lova var i samsvar med Europarådkonvensjonen.

Slik lagmannsretten les merknadene til departementet, kom uttrykket "iverksettelse" inn fordi straffebodet elles kunne få ei for vid rekkjevidde vurdert opp mot omsynet til ytringsfridom. Sjølv om departementet meinte at det måtte gjelda eit vilkår om oppmoding til "iverksettelse", gav departementet samstundes uttrykk for at indirekte oppmodingar like fullt kunne bli ramma av straffebodet etter ei konkret vurdering.

Lagmannsretten meiner at departementets drøfting, jf. omtalen ovanfor, ikkje er så klar som ein kunne ynskja. Lagmannsretten stiller spørsmålsteikn ved i kva grad vilkåret "iverksettelse" strengt tatt er eit eigna kriterium for å sondra mellom straffbare og ikkje-straffbare oppmodingar. Reint språkleg tilfører uttrykket "iverksettelse" lite utover det som ligg i ei naturleg språkleg tolking av "oppfordrer". Det er vanskeleg å tenkja seg at ei ytring blir tolka som ei oppmoding om terrorhandling utan at det – uttalt eller underforstått – også ligg inne ein bodskap om at terrorhandlinga skal gjennomførast. For å setja det på spissen: Å snakka om oppmodingar til terrorhandlingar utan eit element av handling gjev lita mening.

På denne bakgrunnen meiner lagmannsretten at departementets introduksjon av vilkåret "iverksettelse" er mest nærliggjande å forstå slik at det er meint som eit vilkår om at oppmodinga må ha ein *grad av konkretisering* og *ein styrke* som gjer at omsynet til behov for samfunnsvern og førebygging av terror har større gjennomslagskraft enn omsynet til ytringsfridom.

Den nærare grensdraginga mellom desse kryssande interessene, samfunnsvern og ytringsfridom, skal skje i rettspraksis. Men i forarbeida er det – slik lagmannsretten les desse – i liten grad gjort forsøk på å gje retningsliner for grensdraginga. Lagmannsretten meiner at mangelen på slik retningsliner i seg sjølv er eit argument som talar mot å gje straffebodet ei vid rekkjevidde gjennom tolking.

Legalitetsprinsippet – omsyn bak dette prinsippet

Etter Grunnlova § 96 kan ingen dømast utan etter lov. Grunnlova § 96 er eit utslag av legalitetsprinsippet som inneber at inngrep frå det offentlege i rettane til private krev rettsleg grunnlag i lov. Dette prinsippet byggjer igjen på eit synspunkt om at innbyggjarane i ein rettsstat til ei kvar tid skal kunna danne seg eit bilete av rettsstilstanden, slik at det er mogleg å gjera seg opp ei mening i forkant av om ei handling blir møtt med inngrep frå det offentlege, t.d. i form av straff, eller ikkje. Det vil vera ei flytande grense mellom når ei utvidande tolking av eit straffebod er direkte i strid med legalitetsprinsippet (og Grunnlova

§ 96) og når ei slik tolking berre byr på problem opp mot dei omsyn som ligg bak legalitetsprinsippet.

Lagmannsretten meiner at straffelova § 147 c, samanhalde med lovforarbeida, gjev tilstrekkeleg lovgrunnlag for å straffedømme for ytringar så lenge desse faktisk blir tolka som oppmoding til terrorhandling. Dei omsyn som ligg bak legalitetsprinsippet vil likevel vera relevante ved den konkrete rettsbruken. Lagmannsretten meiner domstolen, i mangel av klarare signal frå lovgjevar om rekkjevidda av straffelova § 147 c, i grensetilfelle bør vera atterhalden med å tolka straffbodet slik at ei ytring som ligg ei eit grenseland blir straffbar.

Kravet om subjektiv skuld – forsett/hensikt

I tiltalen post III er det vist til ulike straffbod for perioden til og med 20. juni 2013 og for perioden etter denne dato. Bakgrunnen for dette er at det skjedde ei lovendring som blei sett i kraft 21. juni 2013. Ved lovendringa blei passusen "med hensikt om slike følger som beskrevet i § 147 a første ledd bokstav a til c" fjerna. Kravet til subjektiv skuld blei såleis endra. Før lovendringa gjaldt det eit krav om hensikt hos gjerningspersonen knytt til visse delar av gjerningsinnhaldet, medan det etter lovendringa berre gjeld eit krav om forsett. Lovendringa innebar ingen endringar i dei andre vilkåra i straffebodet.

Slik lagmannsretten vurderer saka, er det ikkje nødvendig for lagmannsretten å ta stilling til om Hussain har utvist subjektiv skuld i form av forsett eller hensikt. Lagmannsretten går difor ikkje nærare inn på omtale av lovendringa i 2013.

Den konkrete bevisvurderinga og rettsbruken

Lagmannsretten meiner det er bevist at Hussain har publisert tekst og foto på si eiga Facebook-side i samsvar med skildringa i tiltalen post III. Hussain har ikkje hatt motsegner til utforminga av det faktiske grunnlaget, og det er uomstridd at det er Hussain sjølv som har publisert materialet.

I tingrettens dom 3. oktober 2014 er det gjeve ei noko meir utfyllande skildring av ytringane, utover det som går fram av det faktiske grunnlaget i tiltalen. Lagmannsretten meiner at tingrettens skildring er dekkjande og siterer frå denne:

Den første uttalelsen kom 20. januar 2013 etter at Statoil-anlegget i In Aménas i Algerie ble angrepet og hvor 40 gisler ble drept, deriblant fem Statoil-ansatte. Tiltalte la ut en lenke til en artikkel publisert på VG Nett samme dag om at 23 gisler ble drept i In Aménas, ledsaget av følgende uttalelse:

Måtte Allah swt belønne våres brødre med den største og beste Paradiset og drive fiender av Islam ut av våres land og utslette dem. Amin

Etter bombeangrepet mot Boston Maraton 15. april 2013, der tre personer ble drept og minst 144 personer ble skadet, uttalte han følgende på sin Facebook-profil 19. og 20. april 2013:

To hell with Boston and may Allah destroy america!! Our prayers and tears go to our loved ones in Afghanistan, Mali, Syria, Iraq, Myanmar, Yemen, Pakistan, Chechnya, Somalia, Bosnia and to all the Muslim Ummah!

I tillegg la han ut bilder av de to gjerningsmennene fra Boston og skrev følgende:

EKTE LØVER!!! Måtte Allah SWT belønne dem! Amiin!

Den 23. mai 2013 la han ut en lenke til en artikkel publisert på VG Nett dagen før om drapet på åpen gate i London av den britiske soldaten Lee Rigby, ledsaget av følgende uttalelse:

Gledelige nyheter fra England. En terrorist svin fra det britiske militæret slaktet av våres modige brødre mens de ropte Allahu Akbar. Måtte Allah SWT akseptere deres handling og intensjon, og ydmyke fiender av islam på verst mulig måte, Amiin.

Etter angrepet på kjøpesenteret Westgate i Nairobi i Kenya 21. september 2013, der 67 mennesker ble drept og minst 175 ble skadet, la han 23. september 2013 ut en lenke til en artikkel publisert på ABC Nyheter samme dag med overskriften "Terror-enke står bak terroraksjonen i Nairobi!", ledsaget av følgende uttalelse:

Måtte Allah SWT gi henne høy rang i Jannah.

Den siste ytringen som omfattes av tiltalebeslutningen er fra 3. november 2013 der tiltalte endret forsidebildet på Facebook til bilder av Abdulla Ahmed Ali og syv andre personer som i 2009 i Storbritannia ble dømt for å ha planlagt å sprengte fly mens de var i luften på ruter mellom Storbritannia og Nord-Amerika.

Det må skje ei tolking av dei desse ytringane. Lagmannsretten meiner at dei tolkingsprinsippa som Høgsterett har stilt opp ved bruk av straffelova § 135 a også må gjelda ved bruk av straffelova § 147 c. Både aktor og forsvarar har bygd på dette i prosedyrane i lagmannsretten.

Lagmannsretten viser til sitat av Rt. 2012 side 536 avsnitt 17-20 ovanfor. Høgsterett har slått fast at tolkinga er ein del av den konkrete rettsbruken, og at utgangspunktet er "hvordan den alminnelige tilhører vil oppfatte utsagnet ut fra den sammenheng der det er fremsatt".

Sidan tolkinga av ytringa høyrer inn under den konkrete rettsbruken, er det i utgangspunktet ikkje slik at ein kvar rimeleg tvil skal koma tiltalte til gode – denne regelen er knytt til rettens bevisvurdering. På den andre sida er det slik at dei omsyna som tilseier

at bevistvil skal koma tiltalte til gode, også gjer seg gjeldande ved tolking av ytringar. Dette går klart fram av Rt. 2012 side 536 avsnitt 20, som også er sitert ovanfor:

(20) Når det gjelder den konkrete tolkningen, er utgangspunktet at ingen skal risikere strafferettslig ansvar ved at utsagn tillegges et meningsinnhold som ikke er uttrykkelig uttalt, med mindre et slikt innhold med rimelig stor sikkerhet kan utledes av sammenhengen, jf. Ot.prp.nr.33 (2004-2005) side 189.

Kravet om "rimelig stor sikkerhet" blei også uttrykt av førstvoterande i Rt. 2002 side 1618:

Jeg finner det for min del klart at rettssikkerhetshensyn, særlig hensynet til forutberegnelighet, tilsier forsiktighet med utvidende tolking ut fra sammenhengen. I forhold til straffbare ytringer må poenget være at man bare kan straffes for det man har uttalt, ikke hva man kunne tenkes å ha uttalt. Det følger etter mitt syn også av hensynet til ytringsfriheten at ingen bør kunne risikere strafferettslig ansvar ved at utsagn tillegges et meningsinnhold som ikke er uttrykkelig uttalt og heller ikke med rimelig stor sikkerhet kan utledes av sammenhengen.

Lagmannsretten meiner at desse prinsippa for tolkinga av ytringa står heilt sentralt ved vurderinga av tiltalen post III.

Når det gjeld den konkrete tolkinga av ytringane i tiltalen post III, kan lagmannsretten slutta seg til den innleiande vurderinga i tingrettens dom 3. oktober 2014 der det heiter:

Ved tolkingen av de ytringer som danner grunnlag for tiltalebeslutningen, er det etter rettens syn ikke tilstrekkelig å vurdere disse isolert. De må bedømmes samlet og innenfor den ramme de ble fremsatt, jf. til sammenligning Rt-1981-1305 på side 1314 der det fremgår at enkeltstående utsagn i en løpeseddel må bedømmes samlet og i en sammenheng med løpeseddels innhold for øvrig. Videre må man ved tolkingen se hen til hvem som har fremsatt ytringene og hvem som er mottakere av ytringene. Som nevnt er ytringene lagt ut på tiltaltes åpne Facebook-profil i en periode der han har vært talsperson for Profetens Ummah. Mottakere kan være både tiltaltes venner og tilhengere samt andre grupper siden det er tale om en åpen Facebook-profil. Videre er det tale om flere ytringer i løpet av 2013 som er noenlunde like i sitt budskap. Utgangspunktet for tolkingen må derfor være hvordan disse mottakerne vil oppfatte ytringene ut fra sitt språklige, kulturelle, politiske og religiøse ståsted.

De ytringer som er gjengitt i tiltalebeslutningen gjelder terrorhandlinger som allerede har skjedd. Det er således tale om etterfølgende bifall av disse handlingene. Dette er heller ikke omstridt i saken. Ytringene viser også at gjerningspersonene vil bli belønnet for sine handlinger. Samlet sett viser ytringene at tiltalte støtter de foretatte terrorhandlingene.

Lagmannsretten meiner at det for lesarane var naturleg å forstå ytringane som hyllest av dei omtalte handlingane og gjerningspersonane. At handlingane etter Hussains syn var

positive, gjekk i særleg grad fram av at det blei understreka eit ynske hos Hussain om at det måtte gå godt for gjerningspersonane.

Ved tolkinga må det takast omsyn til at det er all grunn til å tru at fleirtalet av lesarane i alle fall i grove trekk kjente til Hussains tidlegare engasjement i den offentlege debatten i Noreg. Lagmannsretten legg til grunn at mange av lesarane også såg på Hussain som ein person med ein leiarfunksjon. Dette tilseier at ytringane blei tatt på alvor og tillagt vekt av mange av lesarane.

Lagmannsretten meiner at ulike lesarar oppfatta ytringane på noko ulik måte. Lagmannsretten meiner at det grunn til å tru at i alle fall nokon av lesarane oppfatta ytringane slik at dei også innebar eit element av oppmuntring til framtidige aksjonar av same slag. På den andre sida gav ytringane til Hussain ingen konkret omtale i retning av framtidige handlingar. Lagmannsretten meiner at det for dei aktuelle lesarane av Facebook-sida difor var mest nærliggjande å oppfatta ytringane som ein tilslutnad til handlingane som var utført. På bakgrunn av dei tolkingsprinsipp som Høgsterett har stilt opp, jf. omtale ovanfor, meiner lagmannsretten at det ikkje er grunnlag for å tolka ytringane i tiltalen post III som meir enn ein hyllest av handlingane og som eit uttrykk for at slike handlingar på generell basis er av det gode.

Når ytringane skal tolkast på denne måten, meiner lagmannsretten at det følgjer av lovforarbeida til straffelova § 147 c, jf. omtalen av uttrykket "iverksettelse" – samanhalde med dei omsyn som ligg bak legalitetsprinsippet og omsynet til ytringsfridom – at ingen av ytringane i tiltalen post III blir ramma av straffelova § 147 c. Heller ikkje ytringane vurdert i samanheng fell inn under straffebodet.

Dersom ytringar med slikt innhald skal vera straffbare, meiner lagmannsretten at dette krev klarare tale frå lovgjevar. Ut frå lovforarbeida har lovgjevar ikkje gjennomført ei vurdering av om det er ynskeleg og tenleg å reagere med straff mot denne typen ytringar for å førebyggja risiko for terrorhandlingar.

Ut frå den tolkinga som lagmannsretten har gjort av ytringane og dei objektive vilkåra i straffebodet, er det ikkje nødvendig for lagmannsretten å drøfta spørsmål knytt til subjektiv skuld.

Hussain blir på dette grunnlaget frifunnen for tiltalen post III.

Straffutmåling

Lagmannsretten skal utmåla straff for tiltalen post I og for dei tilhøva som Hussain er rettskraftig dømd for i tingretten, det vil seia post II a og post IV.

Lagmannsretten meiner at dei mest alvorlege tilhøva gjeld to tilfelle av trugsmål (straffelova § 227 første straffalternativ), jf. post IV. Det er i begge tilfelle tale om trugsmål mot journalist, men truslane er retta mot ulike journalistar. Trugsmåla blei sett fram av Hussain på bakgrunn av to ulike avisartiklar. Det er såleis ingen innbyrdes samanheng mellom dei straffbare tilhøva, noko lagmannsretten meiner er skjerpande ved straffutmålinga.

På grunnlag av vitneforklaringane til dei to journalistane legg lagmannsretten til grunn som bevist at trugsmåla gjekk sterkt inn på dei begge. Begge har forklart at dei blei redde, slik at dei blant anna budde borte frå heimen i periodar etterpå. Begge forklarte at dei som følgje av trugsmålet frå Hussain endra vanar i dagleglivet. Den fornærma i post IV b forklarte at han framleis unngår å vera aleine når han oppheld seg på offentlege stader, t.d. slik at han vegrar seg for å sitja aleine i kupéen når han tar t-bane. Den fornærma i post IV a forklarte seg om liknande reaksjonar. Sistnemnde hadde i 2006 opplevd at det blei skote mot huset hennar. Begge journalistane har forklart at dei til trass for trugsmålet har halde fram med å skriva avisartiklar om tema knytt til islam. Begge understreka at dette heng saman med eit sterkt ynske om ikkje å bli truga til å vera taus som journalist.

Lagmannsretten meiner at journalistar er ei yrkesgruppe som ut frå omsynet til ytringsfridom og pressas særskilte rolle knytt til å leggja til rette for offentleg meningsutveksling, har behov for eit særskilt vern mot slike trugsmål. Dette er også uttrykt av Høgsterett i Rt. 2002 side 1202 og Rt. 2002 side 1207. Lagmannsretten meiner at tilhøva i post IV isolert sett tilseier ei fengselsstraff på om lag fem månader.

Når det gjeld brotet på straffelova § 132 a, jf. tiltalen post I, meiner lagmannsretten at dette tilhøvet isolert sett tilseier ei straff på fengsel i om lag ein månad. Lagmannsretten sluttar seg her til tingrettens drøfting.

Når det gjeld brotet på straffelova § 135 a, jf. tiltalen post II a, tilseier dette isolert sett ei kortare fengselsstraff på vilkår. Lagmannsretten sluttar seg også her til tingrettens drøfting.

Samla sett meiner lagmannsretten at rett utgangspunkt for straffutmålinga er ei fengselsstraff på i overkant av seks månader. Det må gjerast frådrag i denne straffa fordi det har gått lang tid – om lag to år og åtte månader – sidan dei straffbare handlingane fann stad, utan at Hussain kan klandrast for tidsbruken. På same måte som tingretten, legg lagmannsretten til grunn at dei tilhøva som han blir dømd for, var ferdig etterforska hausten 2012. Tidsmomentet tilseier at det er grunnlag for å utsetja deler av fullbyrdinga av fengselsstraffa.

Tingretten fastsette straffa til fengsel i 120 dagar, men slik at fullbyrdinga av 60 dagar blei utsett. Lagmannsretten meiner at denne straffa var noko for mild, vurdert ut frå situasjonen på domstidspunktet i tingretten.

Det har gått lang tid – 1 år og 4 måneder – frå dom i tingretten til dom i lagmannsretten. Denne tidsbruken tilseier også redusert straff. Når det blir tatt omsyn til dette, har lagmannsretten kome til den same straffutmålinga som tingretten. Den delen av straffa som er utan vilkår, skal reknast som sona gjennom uthalde varetekt i 53 dagar.

Lagmannsretten har tatt omsyn til straffelova § 62.

Korkje anken frå påtalemakta eller den avleia anken frå Hussain har ført fram. Det er ikkje lagt ned påstand om sakskostnader, og sakskostnader blir ikkje ilagt.

Dommen er samrøystes, med unntak av vurderinga av skuldspørsmålet for tiltalen post II b, slik det går fram av domsgrunnane ovanfor.

Dommen er ikkje sagt innan fristen i lova. Grunnen er at den relativt omfattande karakteren til saka.

DOMSSLUTNING

1. Arslan Ubaydullah Maroof Hussain, fødd 20. august 1985, blir frifunnen for tiltalen post II b og post III.
2. Arslan Ubaydullah Maroof Hussain, fødd 20. august 1985, blir dømd for brot på straffelova § 132 a første ledd bokstav b jf. andre ledd jf. fjerde ledd, og for dei tilhøva som er rettskraftig avgjort ved Oslo tingretts dom 7. februar 2014, jf. straffelova § 62, til ei straff av fengsel i 120 – eitthundreogtjue – dagar. I medhald av straffelova §§ 52-54 blir fullbyrdinga av 60 – seksti – dagar utsett med ei prøvetid på to år. Den delen av straffa som er utan vilkår, er sona gjennom uthalde varetekt i 53 – femtetre – dagar.

Halvard Leirvik

Kyrre Grimstad

Wenche Flavik

Mads Madsen

Jenny Maria Clarhäll

Torill Haraldsen

Petter Bilit Sveen

Dokument i samsvar med undertegnet original


